









Awit ni Sakima

Sakimas song

-  Ursula Nafula
-  Peris Wachuka
-  Arlene Avila
-  tagalog / nynorsk
-  nivå 3

(uten bilder)






Nakatira si Sakima sa lupa ng pag-aari ng isang mayaman, kasama ang mga magulang at apat na taong gulang na kapatid.

...


Sakima budde saman med foreldra sine og si fire år gamle syster. Dei budde på egedomen til ein rik mann. Hytta deira hadde stråtak og låg ved enden av ei rad med tre.



Nagkasakit si Sakima noong siya ay tatlong taong gulang at mula noon ay naging bulag siya.

...


Då Sakima var tre år gammel, vart han sjuk og miste synet. Sakima var ein gut med mange talent.



Maraming nagagawa si Sakima na hindi kayang gawin ng ibang anim na taong gulang bata. Kaya niyang makipagtalakayan sa mga nakakatanda tungkol sa mga mabibigat na bagay.

...


Sakima kunne mange ting som andre seksåringar ikkje kunne. Til dømes kunne han sitja med eldre landsbymedlemmar og diskutera viktige saker.



Namamasukan ang mga magulang ni Sakima sa bahay ng mayaman. Maaga silang umaalis at gabi na sila nakakauwi. Naiiwan si Sakima sa kanyang kapatid na babae.

...


Sakima sine foreldre jobba i huset til den rike mannen. Dei drog tidleg om morgonen og kom tilbake seint på kvelden. Sakima vart igjen saman med veslesyster si.



Mahilig kumanta si Sakima. Kaya isang araw, natanong ng ina, “Saan galing ang mga awit na ito, Sakima?”

...


Sakima elska å synga songar. Ein dag spurde mor hans han: “Kor har du lært desse songane, Sakima?”



“Kusa na lang po silang dumarating, ‘Nay. Naririnig ko sila sa isip ko kaya kinakanta ko,” sagot ni Sakima.

...


Sakima svara: “Dei kjem berre, mamma. Eg høyrer dei i hovudet mitt og så syng eg.”



Gustong gusto ni Sakima kumanta, lalo na pag gutom ang kanyang kapatid. Nakikinig ito nang mabuti at sumasayaw sa tunog ng kantang kayang pumawi ng gutom.

...


Sakima likte å synga for veslesyster si, særleg viss ho var svolten. Syster hans brukte å høyra på at han song yndlingssongen sin. Ho rørde seg til den lindrande låten.



“Kanta ka uli, Kuya Sakima,” sabi ng kapatid. At kakanta si Sakima ng paulit-ulit.

...


“Kan du synga han igjen og igjen, Sakima?” brukte syster hans å be han. Sakima aksepterte og song han igjen og igjen.



Isang gabi, tahimik ang kanyang mga magulang.
Naramdaman agad ni Sakima na may problema.

...


Ein kveld då foreldra hans kom heim, var dei
veldig stille. Sakima visste at noko var gale.



“Ano po ang nangyari, ‘Tay, ‘Nay?” tanong ni Sakima. Nalaman niya na nawawala ang anak ng mayamang amo ng magulang. Labis ang lungkot nito.

...


“Kva er i vegen, mamma, pappa?” spurde Sakima. Sakima fekk vita at sonen til den rike mannen var borte. Mannen var veldig lei seg og einsam.



“Siguro sasaya siya kung kakanta ako,” sabi ni Sakima. “Hindi ka makakatulong. Napakayaman niya. Isa ka lang bulag. Ano sa palagay mo magagawa mo?” sabi ng mga magulang.

...


“Eg kan synga for han. Kanskje han vert glad igjen”, sa Sakima til foreldra sine. Men foreldra hans avfeia han. “Han er veldig rik. Du er berre ein blind gut. Trur du songen din kjem til å hjelpa han?”



Hindi sumuko si Sakima. Pinagtanggol din siya ng kapatid, “Nawawala ang gutom ko pag kumakanta si Kuya. Baka naman matulungan din niya ang taong mayaman.”

...


Likevel gav ikkje Sakima opp. Veslesyster hans støtta han. Ho sa: “Songane til Sakima er lindrande når eg er svolten. Dei kjem til å verka lindrande på den rike mannen òg.”



Kinaumagahan, inakay si Sakima ng kanyang kapatid papunta sa bahay ng mayaman.

...


Neste dag bad Sakima veslesyster si om å leia han til huset til den rike mannen.



Tumayo siya sa ilalim ng bintana at nagsimulang kumanta. Unti-unting dumungaw ang mayaman.

...


Han stod nedanfor eit stort vindauge og byrja å synga favorittsongen sin. Sakte byrja hovudet til den rike mannen å visa seg gjennom det store vindauget.



Tumigil ang mga trabahador sa kanilang ginagawa. Sabi ng isa, “Wala pang nakakatulong sa amo natin. Akala ba ng bulag na ito na may magagawa siya?”

...


Arbeidarane stoppa det dei heldt på med. Dei høyrde på den vene songen til Sakima. Men éin mann sa: “Ingen har vore i stand til å trøysta sjefen. Trur denne blinde guten at han kan trøysta han?”



Natapos ni Sakima ang isang awit at balak na sana niyang umalis. Hinabol siya ng mayaman, "Pasuyo naman, umawit ka pa uli."

...


Sakima var ferdig med å synga songen og snudde seg for å dra. Men den rike mannen skunda seg ut og sa: "Ver så snill og syng igjen."



Biglang dumating ang dalawang lalaki na may dalang stretcher. Natagpuan nila ang anak ng mayaman, na iniwan lang sa daan matapos bugbugin.

...

I same augneblink kom det to menn berande på ei båre. Dei hadde funne sonen til den rike mannen banka opp og forlaten i vegkanten.



Natuwa ang mayaman nang makitang buhay ang anak. Binigyan niya ng gantimpala si Sakima. Dinala niya ang anak sa ospital para ipagamot. At dinala rin niya si Sakima para magpa-opera ng mata.

...

Den rike mannen var veldig glad for å sjå sonen sin igjen. Han lønte Sakima for at han trøysta han. Han tok sonen sin og Sakima med til sjukehuset slik at Sakima kunne få synet tilbake.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

Awit ni Sakima

Sakimas song

Skrevet av: Ursula Nafula

Illustret av: Peris Wachuka

Oversatt av: Arlene Avila (tl), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).